

## 9.trinn – veke 8 og 10

### Frøyland ungdomsskule

Kontaktlærer **9A**: Signe Vartdal Carlsen og Stig Rune Elvedahl

Kontaktlærer **9B**: Dagny Markhus Skretting og Monica Dalva Valvatne for Rune Pedersen Bore  
(pappaperm)

Kontaktlærer **9C**: Simon K. Hana og Trude Skodje

Gå inn på: [www.minskole.no/fus](http://www.minskole.no/fus). Her legg me ut vekeplanar og annan informasjon.

Skulen si e-mail adresse: [froyland.ungdomsskule@time.kommune.no](mailto:froyland.ungdomsskule@time.kommune.no)

Tlf.nr. 51 77 65 00

	<b>Læringsmål denne perioden:</b>
<b>Norsk</b>	Du skal kunne delta i samtalar og diskusjonar om ulike typar litteratur. Du skal kjenne til ord med ulik skrivemåte på bokmål og nynorsk.
<b>Engelsk</b>	Du skal kunne samanlikne to grupper av urfolk.
<b>Matematikk</b>	Du skal kunne rekne med ulike sentralmål og lage ulike diagram som linje, stolpe og sektordiagram for å beskrive eit datasett. Du skal kunne bruke hjelpemiddel som rekneark (Excel).
<b>KRLE</b>	Du skal kunne diskutere problemstillingar knytta til menneskerettar og fattigdom.
<b>Samfunnsfag</b>	Du skal kunne forklare kva mangfald er og korleis det kjem til uttrykk. Du skal kunne drøfte moglegheiter og utfordringar knytt til mangfald.
<b>Naturfag</b>	Du skal kjenne til konsekvensar av global oppvarming.
<b>Tysk</b>	Du skal kunne lese og forstå tekstar om oppfinningar og oppfinningane deira. Du skal kunne presens perfektum av svake og sterke verb. Du skal kunne nokre verb som får zu sein som hjelpeverb i presens perfektum. Du skal kunne snakke om kva du gjorde i går/ i helga og bruke presens perfektum.
<b>Engelsk fdj.</b>	Du skal kunne delta i ulike aktivitetar både munnleg og skriftleg om temaet film.
<b>Arbeidslivs-fag</b>	Du skal tileigne deg arbeidserfaring i sjølvvald arbeid. Du skal loggføre anten munnleg eller skriftleg kva du har gjort og lært.
<b>Kroppsøving</b>	Du skal kunne bidra til ein positiv aktivitetsdag, både med aktiv handling og verbalt. Du skal kunne lære deg nokre ulike strategiar og opningstrekk i sjakk.
<b>Mat og helse</b>	Du skal kunne lage mat frå norsk kultur på eiga hand. Du skal kunne planlegge og bruke eigna reiskap, teknikkar og matlagingsmetodat til å lage berekraftig mat som gjev grunnlag for god helse.
<b>Tema</b>	Digitale ferdigheiter

<b>Diverse:</b>	<p><b>Aktivitetsdag i Kvernhallen</b></p> <p>Fredag 21. februar, siste dag før vinterferien, skal me vere i Kvernhallen heile dagen. Det blir kampar i innebandy og basketball, der klassane spelar mot kvarandre med eigne jente- og gutelag. Nokre elevar er i tillegg dommarar når dei ikkje spelar. Lærarane stiller sjølvstilt også med lag og spelar mot 10.trinn. Det blir sal av mat i kantina i hallen.</p> <p><b>Me les!</b></p> <p>Bokdagen var ein suksess! Den ga elevane gode lesetips og inspirasjon til å lese meir. Nå les både elevar og lærarar litt kvar dag på skulen og me har ein lesekonkurranse mellom klassane.</p> <p><b>Elevsamtalar</b></p> <p>Kontaktlærarane startar opp med ein ny runde med elevsamtalar. Her snakkar me om bl.a. trivsel, motivasjon og fagleg utvikling. Etter dette kjem det det innkalling til utviklingssamtalar.</p>
-----------------	---

	<p><b>Utdanningsval</b></p> <p>I veke 17 og 18 (rett etter påske) så skal elevane fordjupe seg i eit utdanningsprogram, hospitere ein dag på vidaregåande skule, og ha arbeidspraksis. Elevane har fått info om kva utdanningsprogram dei skal fordjupe seg i og kva dagar dei skal ha arbeidspraksis eller prosjekt.</p> <p>Elevane vil i løpet av veke 8 få med seg eit forslag til arbeidsavtale og eit skriv til arbeidsgjevar der det står litt om føremålet med denne veka, og at elevane er forsikra gjennom Time kommune. Dei må ta med seg ferdig utfylt arbeidsavtale tilbake til skulen så snart som mogleg, og seinast 28. mars. For fleire detaljar; sjå melding på Visma.</p> <p><u>Veke 8</u></p> <p><b>I KRLE-timane (måndag, onsdag eller torsdag) :</b> Skriftleg vurdering om «livssynshumanismen og samisk religion». Målark ligg på OneNote.</p> <p><b>Fredag 21.februar:</b> Aktivitetsdag i Kvernhallen for heile skulen. Ta med treningsklede, innesko, god og nok mat (eller klyppekort) og vatn.</p> <p><b>VINTERFERIE</b></p> <p><u>Veke 10: Mat og helse:</u> Det blir teori denne veka.</p> <p><u>Veke 11: Tysdag 11.mars:</u> Vurdering i matematikk.</p>
<b>Olweus</b>	Case- og diskusjonsoppgåver

<b>Heimearbeid veke 8</b>	
<b>Måndag 17</b>	<b>Mat og helse</b> (alle gruppene): Bake med gjær. <b>Krle:</b> Førebuing til vurdering. Bruk spørsmåla og målarket i OneNote.
<b>Tysdag 18</b>	<b>Matematikk:</b> Sjå tildelt video på Campus Inkrement: «8.5 Misvisende diagrammer»
<b>Onsdag 19</b>	<b>Tysk:</b> Gjer heimearbeid veke 8 i OneNote <b>Norsk:</b> Les 20 minutt i boka di. Hugs å notere på leselappen din.
<b>Torsdag 20</b>	<b>Matematikk:</b> Gjer lekser som ligg på OneNote - heimearbeid v. . <b>Samfunnsfag:</b> Gjer heimearbeid veke 8 i OneNote.
<b>Fredag 21</b>	<b>Naturfag:</b> Sjå heimearbeid i OneNote veke 8 og 10.
<b>Heimearbeid veke 10</b>	
<b>Måndag 3</b>	<b>Mat og helse:</b> Det blir teori om berekraft i alle gruppene denne veka.
<b>Tysdag 4</b>	<b>Engelsk:</b> Les og lytt til teksten «Inventive Teenagers» Du finn lenkje til teksten og to oppgåver som du skal gjere på OneNote – heimearbeid veke 10.
<b>Onsdag 5</b>	<b>Norsk:</b> Les 20 minutt i boka di. <b>Tysk:</b> Gjer heimearbeid veke 10 i OneNote <b>Mat og helse:</b> Gruppe 3 og 4: Gjer ferdig oppg. 1,2,3 om kosthald/helse i OneNote.
<b>Torsdag 6</b>	<b>Matematikk:</b> Fyll ut eigavurderinga og jobb minst 20 minutt med målarket til prøven. <b>Samfunnsfag:</b> Gjer heimearbeid – veke 10 i OneNote.
<b>Fredag 7</b>	<b>Krle:</b> Fyll ut orda i tabellen «9 menneskerettigheter» som ligg på OneNote – Begrep. <b>Naturfag:</b> Sjå heimearbeid i One Note veke 8 og 10.